



DEN NORSKE KYRKJA Stedje Sokneråd

Sogndal 29.04.2021

Protokoll frå møte i Stedje sokneråd torsdag 29.04.21 kl 19.30 på Stedjetunet.

Desse møtte:

Faste medlemar: Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bente Karin Vatlestad, Elbjørg Reppen Ølnes og Helge Torstad.

Varamedlemar: Oddbjørg Uglum og Ingunn Torstad Løvik

Berit Amundsen, Per Hilleren, Bjørn Skjeldestad og Mikael Brun hadde meldt forfall.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var komne tre nye orienteringssaker:

Sak 5: Sorgseminar, sak 6: «Torsdagsklubben» og sak 7: Årsmelding 2020 frå diakon.

Samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 04.03.2021.

Samrøystes godkjend

Orienteringssaker:

1. Referat frå møte i Diakoniutvalet 20.04.21 (Sjå vedlegg)

Medlem i diakonutvalet Bente Karin Vatlestad refererte munnleg frå møte, sjå også orienteringssak 6.

2. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.

Medlem i ungdomsutvalet Kari Torhild Kvåle refererte frå møte i ungdomsutvalet som var 12.04.21. Utvalet har laga møteplan med faste møte framover. Det er ynskje om å skipa eit ungdomskor, få på plass ein musikalsk leiar, og gjerne ei vaksengruppe som kan hjelpe til i ulike samanhengar. Leiartrening eller «Hyttetur med meinung» som ein ynskjer å kalle det, der konfirmantane er hovudgruppa og har ulike tema, er og noko av planane ein jobbar med.

For å knyte noko av arbeidet til Stedjetunet, vil ein prøve å få i gang ein ungdomsklubb.

Samarbeid med Ungdom i Oppdrag og KFUM/KFUK jobbar utvalet også med.

Soknerådet ser positivt på planane. Soknerådet ynskjer å få tilsendt referat frå møta i utvalet.

Oddbjørg Uglum som er nyvald medlem i Jensen- fondet refererte frå møte dei har hatt nyleg.

3. Orientering om endring av parkeringsplassar, bygging av søppelhus og utviding av uteområde Stedje barnehage.

Leiar la fram planane for dette prosjektet til orientering. Teke til vitande.

4. Invitasjon frå Den Norske Israelsmisjon om samarbeid om aksjonen «Saman som kirke i hele verden» (Sjå vedlegg)
Soknerådet går ikkje inn i denne aksjonen, men ynskjer å halde fram samarbeidet ein har frå tidlegare, der ein støttar kyrkjelyden i Haifa.
5. Sorgseminar på Stedjetunet 11.5.21 kl. 17.00 – 19.00. Leiar orienterte om programmet for dette seminaret, og opplyste at det er påmelding.
6. «Torsdagsklubben» Medlem i diakoniutvalet Bente Karin Vatlestad orienterte om kva som kom fram i diakoniutvalet når dei hadde denne saka. Det er to sosionomstudentar som er i praksis, som har i oppgåve å starte dette prosjektet i tett samarbeid med diakon. Dette er eit prosjekt som skal vare, og er eit bestemt tilbod som er i samarbeid med Sogndal kommune v/Bu og miljøfellesskapet i Stedjevegen. Dei er svært positive til dette tiltaket, og det er dei som sender ut invitasjon til dei som er aktuelle for desse samlingane. På samlingane vil kantorane delta. Det vil vere song, musikk, leik, bingo, konkurranse m.m. Hovudmottoet for samlingane er: Samhold, meistringskjensle og glede. Namnet på dette treffet er førebels «Torsdagsklubben», men namnet kan bli endra, då dei som deltek skal få vere med og bestemme det.
Soknerådet ser svært positivt på dette diakonale tiltaket, og ser på det som ein viktig del av kyrja sitt arbeid.
7. Årsmelding frå diakon.
Teke til vitande.

Vedtakssaker:

AU har ikkje møte i forkant av dette møte, difor blir sakene lagt fram utan tilråding.

- | | |
|------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Sak 11/21 | Årsmelding for Stedje sokneråd 2020. (Sjå vedlegg)
Samrøystes godkjend. |
| Sak 12/21 | Årsmøte for Stedje sokn. Fastsettjing av dato, og gjennomføring av årsmøte.
Årsmøte blir på Stedjetunet 10. juni kl. 18.00. Årsmelding og rekneskap blir lagt fram. Det vil bli samtale om arbeidet framover. Det vil bli kaffi og noko å bite i. Om det skal vere påmelding til denne samlinga, vil vi vente med. Vi vil til ei kvar tid følgje dei retningslinjer som myndigheitene bestemmer når det gjeld koronsituasjonen. |
| Sak 13/21 | Vårdugnad Stedje kyrkjegard og kyrkje. Soknerådet har ansvar for vår og haustdugnad.
Vårdugnaden blir onsdag 5.mai kl. 16.00 og utover. Leiar tek kontakt med kyrkjekontoret for å lage annonse som skal i Sogn avis, også for annonsering på sosiale medium, og informasjon til konfirmantforeldre. Det bør òg vere oppslag ved dei to portane inn til kyrkjegården med kunngjering om dugnad. Johannes Tubbene vil vere til stades onsdag og fordele oppgåver. Frå soknerådet vil Hans Magne Kvåle bistå Johannes med organiseringa. |

Møte slutt kl. 20.50

Helge Torstad
-leiar Stedje sokneråd-